



Storhaughytta under arbeid (Foto: Kristian Bringedal)

**Dei 8 grunneigarane som arbeider med felleshytta på Storhaug har som mål å gjera hytta ferdig innan 30. september.**

**Hytta gjekk til grunneigarane av felleseiga etter at Statkraft ikkje lenger trong den.**

**Det vart meir arbeid enn venta og det har vore store vanskar med dugnad mellom onnene på gardsbruka.**

Dette opplysar Jon Harald Kjærland i ein søknad til kommunen om løyve til å køyra opp traktorvegen på Kjerland frå Vetlebru og til endes på denne med material, verktøy og utstyr. Ein del traktorturar treng dei køyra på fjellplatået opp til hytta.

Søknaden no gjeld for om lag 12 turar og at 7 av turane kan køyrast like til hytta med material, verktøy og inventar.

Dette er tenkt gjoirt mellom gardsonnene frå 18. mai til 30. september.

Dei 8 har fått skriftleg løyve frå styret i Kjerlandsvegen til nødvendig transport på traktorvegen

Av Ola Matti Mathisen